

## Svar på spørsmål frå Valvatne om dialogforumet mellom Skyss og bussjåførane

Representanten **Per Jarle Kosior Valvatne** (A) har stilt slikt spørsmål:

Utvalet har tidlegare sett søkelys på kor viktig det er at dialogforumet mellom Skyss og bussjåførane sine tillitsvalde fungerer godt. Korleis har aktiviteten vore i dette forumet den siste tida og kva saker har vore oppe til diskusjon? Korleis vurderer Skyss at dette forumet fungerer og korleis er dialogen med fagforeiningane?

Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport:

Dialogforum buss Vestland skal vere ein arena for dialog mellom tillitsvalde, verneombod og leiinga i operatørselskapa representert gjennom NHO Transport og representantar frå leiinga i Skyss. Målet med dialogforum er å utveksle informasjon, diskutere konkrete forhold og gjere avklaringar omkring vidare oppfølging av saker. Forumet har ikkje vedtaksmynde.

Forumet held fire årlege møter, to i kvart halvår. Forutan fyrste møte etter byrjinga av koronaepidemien, har møta vorte avhaldne digitalt kvart kvartal i heile pandemiperioden. Både tillitsvalde, verneombod og NHO Transport kan også kvar for seg ta kontakt med Skyss og be om at det vert halde eit ekstraordinært forum. Denne moglegheita har aldri vorte utøvd.

Skyss informerer om nyheiter frå Skyss, som t.d. koronasituasjonen og aktuelle politiske saker som det er naturleg å informere deltakarane om. Hovuddelen av møtet er saker meldt inn av deltakarane. Dette er saker til informasjon eller diskusjon. Saker som har vore oppe til diskusjon er ofte saker som kan ha innverknad på arbeidskvardagen til sjåførane.

Døme på saker som har vore oppe siste året:

- Skyss har informert om store trafikale omleggingar, blant anna nytt rutemønster i Bergen som startar opp 25. mai 2021
- Endringar i sals- og billetteringsløyser i Hordaland
- Orientering om arbeidet med Trafikkplan Bergen sør og Bjørnafjorden
- Sikkerheitssaker som t.d. snø på busstak og kollisjonssikkerheit for bussar
- Fristar og regelverk knytt til fristar for ruteendringar og involvering av tillitsvalde i prosessen

Skyss opplever at dialogen i forumet er god. Dei andre partane utarbeider i liten grad saksgrunnlag og presentasjonar for eigne innmeldte saker slik mandatet beskriv. Det blir mykje opp til Skyss å driva fram saksgrunnlaget. Det er også slik at forumet ikkje har vedtaksmynde, og av den grunn er eit forum for gjensidig informasjon og dialog. Fleire av sakene kan fort bli politiserte og i grunn handle om at nokre av aktørane ikkje ønskjer dagens anbodssystem.